



Landbruksplan

Austrheim kommune

2017-2022

INNHALD

1. Bakgrunn for landbruksplanen
 - 1.1 Mandat og organisering
 - 1.2 Føremålet med landbruksplanen

2. Status og utviklingstrekk for landbruket
 - 2.1 Norge og Hordaland
 - 2.2 Austrheim
 - 2.3 Skogbruk og utmarksnæringa i Austrheim

3. Mål, utfordringar og strategiar for landbruket i Austrheim
 - 3.1 Hovudmål for landbruket i Austrheim
 - 3.2 Utfordringar for landbruket i Austrheim
 - 3.3 Mogleikar for landbruket i Austrheim
 - 3.4 Strategiane mot år 2022 i jordbruket i Austrheim
 - 3.5 Strategiane mot år 2022 i skogbruket i Austrheim

4. Tiltak
 - 4.1 Tiltak mot år 2022 i jordbruket i Austheim
 - 4.2 Tiltak mot år 2022 i skogbruket i Austrheim

Landbruksplan for Austrheim kommune 2017 – 2022

1. Bakgrunn for landbruksplanen

1.1 Mandat og organisering

Det første initiativet til å få laga ein landbruksplan for Austrheim kommune kom fram etter initiativ frå Landbrukskvinnelaget i Austrheim kommune.

Den 25.06.2003 vedtok Austrheim kommunestyre «Landbruksplan – tiltaksdelen for Austrheim kommune». Det er den fyrste landbruksplanen i Austrheim og ein av dei fyrste i Hordaland. Kort dei viktigaste måla i landbruksplanen frå 2003:

1.0 Areal - med delmål innan jordvern, utmark og busetnad

2.0 Kompetanse

3.0 Næring - med delmål innan likestilling av landbruksnæringa med anna næringsliv i kommunen, nye landbruksbaserte næringar, produsentmiljø, økonomiske verkemiddel

4.0 Trivsel

I 2009 vart det laga revisjon av landbruksplanen etter framlegg frå landbruksfagrådet, som vart vedteken i Austrheim kommunestyre 07.04.2010.

Hovudmålsettinga i denne er: Eit livskraftig landbruk og levande grender i heile kommunen. Delmåla er:

- a) Eit sterkt jordvern
- b) Oppretthalda landbruk som næring – både heiltid og deltid
- c) Styrkja produksjon av miljø- og kulturgoder, særleg eit opnare landskap
- d) Leggja til rette for busetting i alle grendene
- e) Arbeida for rekruttering, sosialt miljø og kompetanse i næringa

Landbruksplanen for Austrheim for 2017 – 2022 er ført i pennen av felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy i nært samarbeid med Landbruksfagrådet i Austrheim.

Dei som sit i Landbruksfagrådet i Austrheim i perioden 2015 – 2019 er:

Politisk valt , leiar for landbruksfagrådet
Landbrukskvinnelaget i Austrheim
Saualslaget
Viltfagrådet
Austrheim og Lindås bondelag

Medlem – Personleg varamedlem
Asbjørn Brandtun – Reidar Øksnes
Linda Syslak – Svanhild Neteland
Reidar Øksnes – Roy Øksnes
Øyvind Ullestad – Johnny Fønnes
Per-Kristian A. Løvmo – Jan-Ove Arnø

Landbruksfagrådet skal vera eit rådgjevande for kommunestyret i landbruksrelaterte saker. Det er utarbeidd vedtekter for Landbruksfagrådet i Austrheim i kommunestyret, sak 64/04.

1.2 Føremålet med landbruksplanen

Landbruksplanen i Austrheim vert laga for å påpeike viktigheita av eit livskraftig landbruk og levande grender i heile kommunen. Dinest ynskjer ein få fram kva som er mogleikane og utfordringane for matproduksjonen, og dei som har yrket sitt i landbruket. Og ein ynskjer få fram godene landbruksnæringa produserar som svar på nokon av utfordringane til lokalsamfunnet. Med landbruksplanen ynskjer ein inspirere til rekruttering, vidare satsing i landbruket og ivaretake interessene til yrkesutøvarane i landbruksnæringa med omsyn på arealforvaltning. Landbruksplanen skal nyttast som eit styringsdokument for administrasjon og politikara i kommunen.

2. Status og utviklingstrekk for landbruket

2.1 Noreg og Hordaland

Landbruk er ei fellesnemning for jordbruk og skogbruk. I Noreg er berre 2,8 % av arealet eller 9,8 millionar dekar nytta til jordbruk medan heile 20 % av landarealet er produktiv skog. I 2016 er det 40360 foretak som søkte produksjonstilskudd. 3060 av desse er i Hordaland.

Sidan 1949 er tal gardsbruk i Norge redusert med fire femdelar, landet sett under eitt, frå 213 000 til 40 360 i 2016, noko som innebærer at i snitt er 7 bruk lagt ned kvar dag. På landsbasis er det totale jordbruksarealet i drift likevel om lag uendra, av di jorda på dei nedlagte bruka vert tilleggsjord på dei gjenværande. Og gjennomsnittsarealet per bruk er blitt meir enn firedobla i perioden, frå 50 til 243 daa.

Også sysselsettinga i jordbruket er kraftig redusert, sett landet under eitt. I 1950 var over 20 prosent sysselsett i jordbruk – i 2014 er delen under 2 prosent. Og jordbruket sin del av BNP er i dag 0,4 prosent. Berre i underkant av 30 prosent av bøndene sine inntekter er næringsinntekt frå jordbruk. Resten er lønn, inntekt frå binæringar og pensjon, kapitalinntekter og liknande. På ei anna side skapar primærnæringa jordbruk arbeidsplassar for andre – underleverandørar til bonden eller arbeidsplassar i verdikjeden for maten frå jord til bord. 1 årverk i jordbruket skapar 2-2,5 årsverk utanfor garden. Variasjon mellom fylka avhengig av lokaliseringa av næringsmiddelindustri m.m.

Særmerkt for landbruket i Hordaland er at vi har dei minste gardane i landet. Gjennomsnittsgarden er på 131 dekar. For landet er snittet som sagt 243 dekar. Vidare er vi det største fruktdyrkarfylket i landet og eit betydeleg fylke når det gjeld sauehaldet. Berre Rogaland har fleire sauehaldara enn Hordaland. Det gjennomsnittlege sauebruket i fylket vårt har i 2016 tilnærma 44 vinterfôra sauer.

Det er 3 mill dekar produktivt skogareal i Hordaland. Om lag 50 % av det er drivverdig. 1/3 av det produktive arealet består av planta gran. I 1966 vart det planta 27000 dekar skog mot berre 2000 dekar i 2014. Halvparten av planteskogen er no hogsmoden og det kunne potensielt vore teke ut 800 000 kbm årleg (balansekvantum). I praksis vart det i 2014 teke ut 230 000 kbm. Det er lagt til rette for ein meir kostnadseffektiv uttransport av tømmer frå Nordhordland gjennom utvidinga av tømmerkaien på Eidsnes i Lindås kommune i 2016. Men tillatt akseltrykk på kommunale vegar er framleis ei utfordring.



Stor aktivitet ved den nyleg utvida tømmerkaien på Eidsnes

2.2 Austrheim

Landbruksdrifta i Austrheim skjer i likhet med resten av Nordhordland i stor grad i kombinasjon med lønna arbeid utanfor garden. Til tross for dette har det vorte færre og større gardar. Dette har vore mogleg gjennom å ta i bruk ein endå større del av døgnet til arbeid, men det har også skjedd ein auka mekanisering på gardane. Auka mekanisering knytta til innhausting og føring har gjort kvardagen enklare. Men det kostar. På storparten av gardane er det sauehald. Generelt er det ein eldre bygningsmasse for husdyrhald i Austrheim. Det trengs ei oppgradering. Både for å gjera det interessant for neste generasjon å overta, men også for å stetta framtidens krav til t.d. lausdrift.

Innovasjon Norge har årleg vel 30 millionar i tilskot som dei løyver til opprusting og nybygg av driftsbygningar i Hordaland. Produsentane i Austrheim utgjør 1 % av produsentane i Hordaland. Altså skulle det i snitt vorte løyvd kr 300.000 til driftsbygningar i Austrheim viss dei skulle fått sin relative andel av tilskotet. Så er på langt nær tilfelle.

Landbruket i Austrheim er ein del av svaret på utfordringane storsamfunnet etterspør med omsyn på trygge oppvekstmiljø og omsorgsoppgåver, kunnskap om matproduksjon, kulturlandskap i aktiv drift, og goder som reiselivet etterspør.

Bøndene i Austrheim ynskjer bidra til å oppnå visjonen til Austrheim kommune om eit ope landskap og opne sinn. Husdyrhaldet er avgjerande for å oppnå det.

Jordbruksarealet i Austrheim

Som jordbruksareal eller innmark reknar ein areal som vert nytta til grasproduksjon eller åkervekstar. Innhausta eller beita. Arealkategoriene som vert nytta er fulldyrka (kan pløyast), overflatedyrka (kan haustast maskinelt men ikkje pløyast) og innmarksbeite (meir enn 50 % innslag av kultiverte grasartar på arealet). Lyngheier vert rekna som utmark og inngår såleis ikkje i benemninga jordbruksareal.

No vert alt jordbruksareal i Austrheim nytta til grasproduksjon. Eng og beite. Inntil for om lag 30 år sidan vart det også dyrka ein del potet og kålrot.

Tabell 1

	Jordbruksareal i drift i Austrheim kommune 1995 - 2016				
	Måleeeining dekar				
	1995	2000	2005	2010	2016
Tal foretak	54	51	26	26	29
Fulldyrka jord	2965	2989	2387	2444	2448
Overflatedyrka jord	896	1045	805	857	810
Innmarksbeite	998	1100	1110	1509	1791
Totalt	4859	5134	4302	4810	5049

I tråd med at tal bruk har vorte tilnærma halvert sidan år 2000 har andelen leigejord gått tilsvarende opp. I 2016 er 3300 dekar eller 65 % av jordbrukasarealet i Austrheim leigejord. Det er knytta ein del utfordringar med mykje leigejord som vert omtalt under punkt 3.2.

Austrheim kommune har eit totalareal på 570 000 dekar, altså er nær 9 % av arealet jordbruksjord.

Sauehaldet

I dag er det 22 sauebruk i Austrheim av totalt 28 bruk i drift. I 1995 var det 34 sauebruk og totalt 54 bruk i drift. Då som no utgjer sauebruka i Austrheim om lag 1 % av sauebruka i Hordaland. Medan tal sauebruk er redusert med 35 % (34->22) så er tal vinterfôra sauer berre redusert med 18 % (1250 ->1026) i Austrheim. Så saueflokkane har auka frå 37 v.f.s i 1995 til 47 v.f.s i 2016.

Altså på nivå med gjennomsnittet i Hordaland.

Det er eit godt og omfattande sauemiljø i heile Nordhordland. Det er stort engasjement rundt avlsarbeidet med aktive verringar og kring 300 verlam som vert stilt til kåring på Austrheim under den årlege kåringa om hausten. Ein del driv eit intensivt sauehald med sterk fôring i delar av året og påfølgjande høgt lammetal, bruk av gode fjellbeiter og får såleis høge slaktevekter. Men det er ein trend at fleire legg om drifta til meir ekstensiv produksjon der dyra i stor grad går ute heile året, men vert tilleggsfôra etter behov. Motivasjonen er ein enklare kvardag, kostnadsjakt, men me må innsjå at ein del har som hovedmål å unngå at innmarka gror att.

Ifølgje SSB hadde sauehaldet i Austrheim kommune ei brutto omsetning på kr 2 100 000 i 2013.



Kåring av vêrlam er eit viktig ledd i avlsarbeidet for sau. Det er også eit viktig sosialt møtepunkt for sauehaldarane.

Mjølkeproduksjonen

I 1995 var det 12 mjølkebruk i Austrheim. Same året vart det innført mulighet for kjøp og sal av mjølkekvote innan same fylke. I dag er det 4 mjølkebruk igjen i Austrheim. Ingen av desse bruka har driftsbygning med lausdrift. Frå 2034 er det krav om at alle storfe skal gå i lausdrift. Når ein samanliknar Austrheim med resten av Hordaland i perioden 1995 til 2016 er det om lag same %-vise reduksjon i tal mjølkebruk i Hordaland som i Austrheim, 67 % vs 70 %. Mellom 25-30 % av mjølka i Hordaland vert no produsert i ein fjøs med mjølkerobot. I Austrheim er det endå ikkje fjøs med mjølkerobot.



Alle mjølkekyr i Austrheim kommune står endå på bås.

Ifølgje SSB hadde mjølkeproduksjonen i Austrheim kommune ei brutto omsetning på kr 2 700 000 i 2013.

Ammekuproduksjon

Det har vore ein veldig positiv auke i tal ammekyr og antal bruk som har ammekuproduksjon i Austrheim. Det er i dag 9 bruk med totalt 144 ammekyr. Det er nær på 3 gongar så mange ammekyr som mjølkekyr i Austrheim i dag og dei står for storparten av storfekjøttproduksjonen.

Dette er i tråd med etterspurnad i markedet. Me har stort underskot på norsk storfekjøtt og må årleg importere rundt 30 000 tonn storfekjøtt. Det tilsvarer 100 000 okseklakt. Dette



Offensiv satsing innan storfekjøttproduksjonen i Austrheim kommune sikrar eit ope landskap i mange år framover.

skuldast både auka etterspurnad etter storfekjøtt og nedgang i tal mjølkekyr i landet. Det har vore ein særst positiv utvikling i prisen på storfeslakt til produsent dei siste åra. Her ligg det eit potensiale, også for landbruket i Austrheim.

Ifølgje SSB hadde ammekuproduksjonen i Austrheim kommune ei brutto omsetning på kr 2 800 000 i 2013.

Tabell 2

Husdyrhaldet i Austrheim kommune 1995 - 2016

	1995	2000	2005	2010	2016
Mjølkekyr	188(12)	176(10)	121(7)	75(5)	54(4)
Ammekyr	53(6)	40(8)	24(6)	76(10)	144(9)
Storfe, ungdyr	393 (18)	342(19)	270(14)	209(13)	253(12)
Sau, vinterfôra	1422(34)	1423(30)	1040(16)	1153(19)	1240(22)
Høns	2314(3)	2712(2)	0	0	0

Tal foretak i parantes

2.3 Skogbruk og utmarksnæringa i Austrheim

Skogbruk

Austrheim kommune har godkjent skogreisingsplan frå 1967. Planen la opp til å plante 500 daa/år over 24 år med eit totalt skogreist areal på 12000 daa. I gjennomsnitt vart det planta 163 daa pr. år. Føresetnadane for skogreising som tildømes lovgrunnlag, lønsemnd i skogkultur og vegbygging, fleirbruksinteresser og trong for sysselsetting har endra seg. Det vart derfor utarbeidd tiltaksplan for skogbruket i kommunen, handsama av kommunestyret 14.04.90 og av fylkesmannen i 1994. Etter tiltaksplanen er 1500 da snau mark og 1000 da myr, tilsaman 2500 da eigna til skogreising.



Nær all skog som vert høgda i dag vert høgda med hogstmaskin og transportert til veg/velteplass med lassbærar.

Arealoversyn pr. 1989 (daa) etter Tiltaksplan for skogbruk i Austrheim kommune:

Totalareal	Produktivt areal	Økonomisk drivverdig
55 900 dekar	21 100 dekar	7 600 dekar

Årlig avvirkning har vore på ca. 1500 m³ registrert per år i perioden 2012-2014. Med ein berekna verdi på mellom 400 000 og 650 000 kr totalt. Det er forventa at avvirkingen av skog held fram og aukar no når trea frå skogreisinga blir hogstmodne.

Interessa for skogplanting var etter måten stor fram til midt på 1980-talet. Seinare har årleg planting svinga mellom 500 og 5000 planter. I år 2002 vart det for første gong ikkje planta sidan skogreisinga tok til. Dersom tiltaksplanen vart gjennomført med eit tilpassa kultivert areal på 7600 da, rekna ein med eit framtidig balansekvantum på ca 4000 kubikk.


Skogeigarane fekk i 1996 tilbod om utarbeiding av skogbruksplan, men interessa var for låg. Det vart ikkje gjennomført områdetakst eller utarbeidd skogbruksplanar. Det bør utarbeidast områdeplanar og skogbruksplanar for dei områda det er samanhengande skog i Austrheim i dag og der det er potensiale for næringsinntekter for grunneigar.

Utmarksnæring

Vilt:

Hjortestammen i Austrheim har hatt ein topp på 2000-tallet og er no truleg på veg nedover igjen. Tidlig 90-tall var det ei avskyting på ca 7-8 dyr/år i Austrheim mot ca. 70-80 dyr/år på seint 2000-tall. Det er gjennom forvaltning gjort ein innsats for å redusere hjortestammen for å begrense skader på jord- og skogbruksverdiene. Fellingsprosenten har dei siste åra gått betydelig ned (60-70%), noko som tyder på at stammen er på retur. Hjortejakta i Austrheim utgjer ein betydeleg økonomisk verdi i kraft av kjøttverdi og utleige av jakta. Verdien er ikkje talfesta. Vidare har jakta ein høg rekreasjonsverdi for mange jegerne. På ei anna side påfører beitande hjort ein del aktive bønder store avlingstap på innmark.

Kommunen har i dag 3 hjortevald med eit teljande areal på tilsaman ca. 36000 daa. Det er og eit vald på Mongstad med 3000 daa teljande areal. Det er ønskelig å slå alle valda saman til eit for administrative fordelar. Fosnøy viltlag er det einaste valdet stort nok for bestandsplan i dag. I dag følger ein bestandsplanen for Fosnøy viltlag. I 2016 vart det utarbeidd bestandsplan for heile kommunen. Den gjeld for 5 år. Minstearealet er 500 dekar. Austrheim kommune har eige viltfagråd som er eit rådgjevande organ i viltfaglege saker.



Hjorten – til glede for mange, men står for frustrerende og kostbart avlingstap for ein del

3 Mål, utfordringar og strategiar for landbruket i Austrheim

3.1 Hovudmål for landbruket i Austrheim:

Eit livskraftig landbruk og levande grender i heile Austrheim.
Eit landbruk som produserar trygg og rein mat, eit ope og tilgjengeleg kulturlandskap.

”Der pløgen ei kan gaa og ljaen ei kan slaa,
der bør et træ at staa”.

Martin Luther Storm(1836 – 1916)

3.2 Utfordringar for landbruket i Austrheim:

Storparten av landbrukseigedommane i Austrheim er små. Tradisjonelt har ein drive kombinasjonsbruk i Nordhordland. Gardsdrifta kjem i tillegg til anna næringsinntekt når landbrukseigedommane er små. Utfordringa med små einingar er at mange finn ein ikkje har nok tid og nok investeringsvilje til å investere i gardsdrifta når ein skal hente inntekter i stor grad frå andre næringar enn landbruk.

Det er 65 % leigejord i Austrheim, og få bønder får langsiktige skriftlege avtalar på leigejorda. Dette medfører at det er mindre motiverande for bønder å investere i areala for å ivaretake dei med omsyn på grøfting og gjerding når ein er usikker på om ein får lov til å nyttegjere seg areala i drifta si nokre år framover i tid.

Alle som eig ein landbrukseigedom har rettar og plikter. Ei av pliktene er gjerdeplikta. Gjerdeplikta på den enkelte gard finn ein i dei gamle utskiftingspapira eller i nyare jordskiftesaker. Normalt har frådelte tomstar utanfor regulerte felt gjerdeplikt. Det står i skylddelingspapir m.m. Det er ei generell utfordring for dei som driv aktivt landbruk at mange grunneigara ikkje overheld gjerdeplikta si.

Ei anna utfordring er at mange av driftsbygningane er av eldre dato og det trengst oppgraderingar, noko som krev investeringar. Med små einingar er det mindre investeringsvilje til oppgradering av driftsapparatet. Og det er mindre vilje frå Innovasjon Norge til å bidra med investeringsmidlar når gardsbruka er små. Innovasjon Norge krev 10 års skriftlege jordleigeavtalar der arealgrunnlaget er del av driftsgrunnlaget for investeringssøknadar. I dei tilfella der ein bonde ønskjer utvide drifta si og investere vil ein mangel på skriftlege 10 årskontraktar for leigejord kunne medføre avslag på søknad om investeringsmidlar hos Innovasjon Norge.



Før var piggråden mykje nytta på gjerder. Det er ikkje lengre tillatt å setta opp nye gjerder med piggråd jfr dyrevelferdslova

Det er ingen av mjølkeprodusentane i Austrheim som har lausdriftsfjøs. Det generelle kravet til lausdriftsfjøs i storfeholdet som trer ikraft i år 2034 er ei utfordring. Anten lyt folk investere og bygge nytt, eller bygge om, eller så legg dei ned storfeholdet når lausdriftkravet trer ikraft. Dette er ei stor utfordring for landbruket i Austrheim.

Landbruket er ei næring som treng langsiktige råmer. Nasjonal landbrukspolitik slår ut på vilkåra for drift lokalt. Det er viktig med forutsigbarheit i nasjonal landbrukspolitik for å ha trygghet for investeringar på det einskilde gardsbruk. Nasjonale føringar kan framstå som lite forutsigbare, men det har til no ikkje minska tal søknadar om investeringsstøtte hos Innovasjon Norge, heller auka tal søknadar. Ei utfordring for landbruket er å få tilgang til finansiering av driftsutbygging. I 2015 var potten til fordeling hos Innovasjon Norge tom midtsommars. I 2016 er potten tom allereie før påske.

Det er ei utfordring for landbruket i Austrheim at omsyn til landbruket og dei som skal ha yrket sitt i landbruket ikkje i tilstrekkeleg grad vert ivareteke når ulike interesser står mot kvarandre. Landbruksfagrådet i Austrheim har gitt innspel til kommuneplanprosessen om viktigheita av å ivaretake samanhengande slåtte- og beiteareal, og søkje å unngå oppstyking, av di det vil gje utfordringar for dei som skal hauste areala.

Det er stundom motsetnadar mellom interessene til dei som ynskjer gå på tur i utmark, og dei som

har dyr på beite, og held areala i hevd. Det bør søkjast å finne avbøtande tiltak for i størst mogleg grad å ivaretake begge partar sine interesser for bruken av utmarka.

Tilgang på slåtteareal (vinterfôr) er ei vaksande utfordring i Austrheim. Det er «kamp» om slåttemarka. Det er betre tilgang på innmarksbeiter. Dyrkingsreserven i Austrheim er myrjorda. Eit forbod mot nydyrking av myr er i ferd med å verta innført som eit klimatiltak jfr budsjettforliket desember 2016 mellom regjeringspartia Høgre og Fremskrittspartiet og støttepartia Venstre og Kristeleg Folkeparti.

3.3 Muligheiter for landbruket i Austrheim

Austrheim kommune har ungdommar som har etablert seg i landbruket og som har pågangsmot og arbeidslyst. Landbruksmiljøet i Austrheim er opptekne av rekruttering, og at ungdommar vil og får det til er svært positivt.



God rekruttering til landbruket i Austrheim

Kommunale midlar øymerka til tiltak i landbruket har vore svært positivt. Det har generert meir kjøt, meir mjølk, fleire dyr på beite og meir areal brukt som beite. Landbruket tek ansvar for å bidra til kommunen sitt slagord: ope landskap, opne sinn.

Det er stor dugnadsevne i landbruksmiljøet i Austrheim. Ei av dei største tilskipingane i landbruket i Nordhordland er Landbruksdagen i Austrheim, som har vore skipa til årleg sidan 2008. Dette hadde ikkje vore mogleg utan stor dugnadsinnsats frå yrkesutøvarane i landbruket. Landbruksdagen i Austrheim er ein viktig fagleg og sosial møteplass for bøndene i heile Nordhordland og medverkar til trivsel i næringa. Og ein god arena for å vise fram mange av dei positive godene landbruket produserar og som storsamfunnet etterspør.

Den kommunale forvaltninga i Austrheim og resten av Nordhordland har vorte meir bevisst på matnyttig bruk av jordmassar som skal fjernast frå utbyggingsområder. Her ligg det mogleikar for utbetringar av eksisterande jordbruksareal og eventuelt laga nytt jordbrukareal. Ledige steinmassar kan nyttast til bygging av landbruksveggar.

Innovasjon Norge i Hordaland løyver årleg vel 30 millionar kroner i investeringstilskot til landbruket i Hordaland. Tal produsentar i Austrheim utgjer 1 % av produsentane i Hordaland. Austrheim nyttegjer seg i for liten grad av desse midlane. Både til tradisjonelt landbruk, men også tilleggsnæringar.

Det har i fleire år no vore betydeleg underdekning av norsk storfekjøt. Prisen på storfekjøt er veldig god for tida. Slakteria ynskjer fleire storfekjøtprodusentar velkomen.

3.4 Strategiane mot år 2022 i jordbruket i Austrheim:

1. Tradisjonell næring og tilleggsnæring er begge viktige for utviklinga og oppretthalding av landbruket i Austrheim kommune
2. Trivsel er viktig for motivasjonen til å halde fram i næringa, og for å være attraktiv arbeidsplass for ungdom som vil inn i landbruksnæringa

3. Rekruttering er viktig for alle næringer, også landbruket treng og ynskjerrekruttering
4. Arealforvaltninga i Austrheim kommune påverkar framtida for matproduksjonen og dei som skal ha yrket sitt i landbruksnæringa
5. Tilstreккеleg kompetanse både i administrasjonen og hos aktive bønder er viktig for å oppnå eit livskraftig landbruk og levande bygder i Austrheim, når ein ynskjer ei berekraftig forvaltning av ressursane i landbruket i Austrheim.

3.5 Strategiane mot år 2022 i skogbruket i Austrheim:

1. Eit kunnskapsbasert og aktivt skogbruk er viktig i dei områda ein ynskjer drive med skog
2. God infrastruktur (vegar) må utviklast for eit rasjonelt skogbruk
3. Skogeigarane må lære å nytte dei økonomiske system laga for å fremmaskogbruket

4. Tiltak

4.1 Tiltak mot år 2022 i jordbruket i Austrheim

Tiltak 1 Næring

Tradisjonell næring og tilleggsnæring er begge viktige for utviklinga og oppretthaldinga av landbruket i Austrheim kommune

Tiltak	Ansvar	Tidsfrist
Følgje opp og støtte initiativ til næringsutvikling	Felles landbrukskontor	Kontinuerleg
Stimulere til større breidde i tilleggsnæring	Felles landbrukskontor	Kontinuerleg
Synleggjere økonomiske mogleikar	Felles landbrukskontor	Kontinuerleg
Støtte til prosjekt som fremjar landbruksnæringa	Felles landbrukskontor	Kontinuerleg
Spreie informasjon om Inn på tunet	Felles landbrukskontor	Kontinuerleg

Tiltak 2 Trivsel

Trivsel er viktig for motivasjonen til å halde fram i næringa, og for å være attraktive arbeidsplass for ungdom som vil inn i landbruksnæringa

Tiltak	Ansvar	Tidsfrist
Legga til rette for tiltak/aktivitetar som skapar trivsel i næringa og trivsel saman med sambygdingar	Landbruksfagrådet/Felles landbrukskontor	Kontinuerleg
Legga til rette for fagleg og sosialt påfyll i landbruksnæringa	Landbruksfagrådet/Felles landbrukskontor	Kontinuerleg
Arrangere Landbruksdagen i Austrheim	Styringsgruppa for Landbruksdagen	Årleg

Tiltak 3 Rekruttering

Rekruttering er viktig for alle næringer, også landbruket treng og ynskjerrekruttering

Tiltak 3 Rekruttering	Ansvar	Tidsfrist
Legga til rette for tiltak som bidreg til å gjere landbruket til ei attraktiv næring for ungdom.	Aktive bønder/Felles landbrukskontor / Landbruksfagrådet	Kontinuerleg
Prioritere eigne kommunale midlar for å stimulere til tiltak som bidreg til rekruttering	Austrheim kommune	Årleg

Tiltak 4 Arealforvaltning

Forvaltninga av arealet i Austrheim kommune påverkar framtida for matproduksjonen og dei som skal ha yrket sitt i landbruksnæringa

Tiltak 4 Areal	Ansvar	Tidsfrist
Ivareta samanhengande slåtte- og beiteområde	Plan og byggesak i Austrheim/Felles landbrukskontor	Kontinuerleg
Unngå deling som opnar for fritt omsettelege bustadhus/tomtar inne i LNF-områder	Plan og byggesak i Austrheim/Felles landbrukskontor	Kontinuerleg
Tilrettelegge for klyngetun eller mindre bustadfelt i attraktive bumiljø samstundes som ein ivaretek slåtte- og beiteområde	Plan og byggesak i Austrheim/Felles landbrukskontor	Kontinuerleg
Stimulere til ope landskap, beiting i utmark, ta omsyn til den allmenne folkehelsa med etablerte turstiar	Administrasjonen i Austrheim	Kontinuerleg

Tiltak 5 Kompetanse

Tilstrekkeleg kompetanse både i administrasjonen og hos aktive bønder er viktig for å oppnå eit livskraftig landbruk og levande bygder i Austrheim,

Tiltak	Ansvar	Tidsfrist
Felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy	Rådmennene for Austrheim, Fedje og Radøy	Kontinuerleg
Stille krav til landbruksfagleg kompetanse for tilsette ved felles landbrukskontor	Rådmennene for Austrheim, Fedje og Radøy	Kontinuerleg
Kurs og studieturar for aktive bønder	Felles Landbrukskontor	Kontinuerleg

4.2 Tiltak mot år 2022 i skogbruket i Austrheim

Tiltak	Ansvar	Tidsfrist
Utarbeiding av skogbruksplan	Felles landbrukskontor	2019

Landbruksplanen sin tiltaksdel skal reviderast annakvart år.